



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Næringshagen
Dato: 13.09.2018
Tid: 19:00 – 21:15

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elise Lauvrak	Nils Kristian Moe	AP
Olav Åge Dale	Torleiv Hvistendahl	AP
Gjermund Zakarias Bergsland	Per Helge Seltveit	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
58/18 – 68/18

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 58/18	Referatsaker	
PS 59/18	Søknad om fritak frå politiske verv i tida september 2018 til mai 2019	
PS 60/18	Framtidig bruk av Gardar og området rundt	
PS 61/18	Kjøp av tomt på Prærien, Prærien 60, gnr 36, bnr 110. Nytt saksframlegg	
PS 62/18	Opparbeiding av tomt i Moghusfeltet	
PS 63/18	Eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag - ny handsaming	
PS 64/18	Selskapsavtale Sør-Øst 110	
PS 65/18	Søknad om lån - Equitrans AS	
PS 66/18	Fiberutbygging i Fyresdal	
PS 67/18	Tilsetting av assisterande rådmann	X

Fyresdal 6. september 2018

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Ettersendt sak 68/18 – Vidareutvikling av Hamaren Aktivitetspark – "Hamaren til nye høgder!" vart samrøystes vedteke å handsame i starten av møte.

PS 58/18 Referatsaker

RS 14/18 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 15/18 Orienteringar

RS 16/18 Søknad om frådeling av del av eigedom, Hæstad nordre - gbnr 81/1

RS 17/18 Søknad om endring av skjenkestad - to enkelthøve i september 2018

I møtet:

- Birgit R. Lunden, Monica Søllyst og Aslak Momrak-Haugan orientera om prosjektet "Hamaren mot nye høgder!"
- Vidare utbyggingsplanar på Molandsmoen Industriområde – Formannskapet får fullmakt til å godkjenne og sette igang arbeidet.
- Tidlegare vedtak om at alle ledige stillingar skal vurderast av formannskapet før tilsetjing vert oppheva. Kommunestyret forventar at administrasjonen klarer å halde dei økonomiske rammene og at tilsetjingar ikkje skjer utan økonomisk dekning.

PS 59/18 Søknad om fritak frå politiske verv i tida september 2018 til mai 2019

Innstilling frå rådmannen:

Nils Kristian Moe(Ap) får fritak frå dei politiske verva sine i Fyresdal kommune i tida september 2018 til mai 2019.

I denne tida rykker varamedlemene opp i den rekkefylgja dei er valde. For Agder og Telemark kontrollutvalssekretariat og Vest-Telemark brannvesen må det veljast ny representantar/styremedlem.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Framlegg frå ordføraren:

Nils Kristian Moe(Ap) får fritak frå dei politiske verva sine i Fyresdal kommune i tida september 2018 til mai 2019.

I denne tida rykker varamedlemene opp i den rekkefylgja dei er valde.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Nils Kristian Moe(Ap) får fritak frå dei politiske verva sine i Fyresdal kommune i tida september 2018 til mai 2019.

I denne tida rykker varamedlemene opp i den rekkefylgja dei er valde.

PS 60/18 Framtidig bruk av Gardar og området rundt

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune lyser Gardar for sal med føresetnad om at bygget blir flytta med dei krava som må stillast etter plan og bygningslova. Dersom inga interesse for dette rivast bygget.

Behov som kommunen kan få for tomta vurderast løpande og ein går ved første høve i dialog med OVF om å kunne løyse ut alt areal i området som kommunen i dag nyttar til si eigedomsmasse og infrastruktur.

Rivingskostnader, planering og evt. tilsåing av tomt innarbeidast i budsjett for 2019.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.09.2018

Utvalet var på synfaring på Gardar før handsaminga.

Ordføraren var med på synfaring.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.09.2018

Fyresdal kommune lyser Gardar for sal med føresetnad om at bygget blir flytta med dei krava som må stillast etter plan og bygningslova. Dersom inga interesse for dette rivast bygget.

Behov som kommunen kan få for tomta vurderast løpande og ein går ved første høve i dialog med OVF om å kunne løyse ut alt areal i området som kommunen i dag nyttar til si eigedomsmasse og infrastruktur.

Rivingskostnader, planering og evt. tilsåing av tomt innarbeidast i budsjett for 2019.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Framlegg frå Martha Schrøder Momrak:

Som tidlegare vedteke i kommunestyret blir Gardar lagt ut for sal til bustad. Eventuell kjøpar blir informert i forkant om kostnader som vil kome ved ei omregulering til bustad. I avtale om sal blir det sett ein klausul om at dei tiltak som det er lovheimel for å kreve, blir gjennomført, før godkjenning av bustaden. Til sal skal det brukast meglar.

Framlegg frå Anne Serine Nærum:

Fyresdal kommune beheld Gardar som i dag.

Det vart fyrst stemt over vedtaket frå hovudutval for plan og teknikk. Dette fekk ingen røyster.

Framlegget frå Martha Schrøder Momrak fekk 6 røyster.

Framlegget frå Anne Serine Nærum fekk 11 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Fyresdal kommune beheld Gardar som i dag.

PS 61/18 Kjøp av tomt på Prærien, Prærien 60, gnr 36, bnr 110. Nytt saksframlegg

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune kjøper tomte Prærien 60 gnr. 36, bnr. 110 av Anne Ågot Stensland for kr. 200 000. Kjøpar betalar omkostningar ved eigedomsoverdraginga.

Kjøpesummen lånefinansierast.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre eigedomshandelen.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.09.2018

Framlegg frå Tor Inge Levang:

Fyresdal kommune kjøper ikkje tomte av A. Å. Stensland. Dette fordi tomte er lite eigna til å utvide POS.

Samrøystes som framlegget frå T.I. Levang

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.09.2018

Fyresdal kommune kjøper ikkje tomte av A. Å. Stensland. Dette fordi tomte er lite eigna til å utvide POS.

Handsaming i Formannskap - 05.09.2018

Samrøystes i samvar med vedtaket i Hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Formannskap - 05.09.2018

Fyresdal kommune kjøper ikkje tomte av A. Å. Stensland. Dette fordi tomte er lite eigna til å utvide POS.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Fyresdal kommune kjøper ikkje tomte av A. Å. Stensland. Dette fordi tomte er lite eigna til å utvide POS.

PS 62/18 Opparbeiding av tomt i Moghusfeltet

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune opparbeider den valte tomt nr 19 i Moghusfeltet, med ei kostnadsramme på kr. 150.000,- + mva. Kostnaden lånefinansieras saman med lån til prosjektkostnaden for Moghusfeltet. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre opparbeiding av tomte innanfor kostnadsramma, i samanheng med utbygginga av bustadfeltet.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Tor Inge Levang reiste spørsmål som sin habilitet i saka og vart samrøystes kjent ugild. Han deltok ikkje i den vidare handsaminga og det var ikkje kalla inn vara.

Kommunestyret opphevar samstundes tidlegare vedtak i sak 93/16:

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Fyresdal kommune opparbeider den valte tomt nr 19 i Moghusfeltet, med ei kostnadsramme på kr. 150.000,- + mva. Kostnaden lånefinansieras saman med lån til prosjektkostnaden for Moghusfeltet. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre opparbeiding av tomte innanfor kostnadsramma, i samanheng med utbygginga av bustadfeltet.

Kommunestyret opphevar samstundes tidlegare vedtak i sak 93/16:

Kommunestyret ynskjer å få seg førelagt ei sak vedrørande bygging av kommunal bustad med sokkelleilighet i bustadfeltet.

PS 63/18 Eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag - ny handsaming

Innstilling frå rådmannen:

1. Tidlegare vedtak i kommunestyresak 18/18 vert sletta.
2. Kommunestyret vedtek felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag slik den ligg føre i vedlegg 1.
3. Eigarstrategien vert revidert i kvar kommunestyreperiode.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

1. Tidlegare vedtak i kommunestyresak 18/18 vert sletta.
2. Kommunestyret vedtek felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag slik den ligg føre i vedlegg 1.
3. Eigarstrategien vert revidert i kvar kommunestyreperiode.

PS 64/18 Selskapsavtale Sør-Øst 110

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune blir deltakar i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin del av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyt inn sin del av eigenkapital i selskapet.
2. Kommunestyret vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legg mynde til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovens § 16 vedrørende nødalarmeringssentral, med dei til eikvar tid gjeldande forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der lova sjølv ikkje er til hinder for det.
4. For inneverende kommunestyreperiode oppnemnst til representantskapsmedlem og til varerepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Oppnemningane gjerast deretter for kvar kommunestyreperiode.
5. Det løyvast 18.600 kr. (tilsvarande 14 kr. pr. innbyggjar) som del av eigenkapitaltilskot med dekning frå disposisjonsfond, konto 2560023. Inntil 17.300 kr. (tilsvarande inntil 13 kr. pr. innbyggjar til drift for oktober-desember 2018 og inntil 4.700 (tilsvarande 3,50 kr. pr. innbyggjar) til dekning av etableringskostnader). Driftskostnadene i siste kvartal 2018 og etableringskostnadene vert dekt innanfor vedteken budsjettramme. Den vidare årlige driftskostnaden innarbeidast i økonomiplanen og budsjett for 2019.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Framlegg frå Nils Vidar Pettersen:

Tor Inge Levang oppnemnst som representantskapsmedlem med Øyvind Kile som vara.

Samrøystes i samsvar med innstillinga og framlegget frå Nils Vidar Pettersen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

1. Fyresdal kommune blir deltakar i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin del av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyt inn sin del av eigenkapital i selskapet.
2. Kommunestyret vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legg mynde til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovens § 16 vedrørende nødalarmeringssentral, med dei til eikvar tid gjeldande forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der lova sjølv ikkje er til hinder for det.
4. For inneverende kommunestyreperiode oppnemnst Tor Inge Levang til representantskapsmedlem og Øyvind Kile til varerepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Oppnemningane gjerast deretter for kvar kommunestyreperiode.
5. Det løyvast 18.600 kr. (tilsvarande 14 kr. pr. innbyggjar) som del av eigenkapitaltilskot med dekning frå disposisjonsfond, konto 2560023.

Inntil 17.300 kr. (tilsvarande inntil 13 kr. pr. innbyggjar til drift for oktober-desember 2018 og inntil 4.700 (tilsvarande 3,50 kr. pr. innbyggjar) til dekning av etableringskostnader). Driftskostnadene i siste kvartal 2018 og etableringskostnadene vert dekt innanfor vedteken budsjettramme.
Den vidare årlige driftskostnaden innarbeidast i økonomiplanen og budsjett for 2019.

PS 65/18 Søknad om lån - Equitrans AS

Innstilling frå rådmannen:

Equitrans AS får eit lån på kr 200.000,- frå kraftfondet.
Lånet vert å betale tilbake innan 5 år med 3,5% fastrente.
Lånet betalast tilbake to gonger per år høvesvis 1. juni og 1. desember kvart år, første nedbetaling 1.juni 2019. Renta reknast etterskotsvis frå utbetalingstidspunkt.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Equitrans AS får eit lån på kr 200.000,- frå kraftfondet.
Lånet vert å betale tilbake innan 5 år med 3,5% fastrente.
Lånet betalast tilbake to gonger per år høvesvis 1. juni og 1. desember kvart år, første nedbetaling 1.juni 2019. Renta reknast etterskotsvis frå utbetalingstidspunkt.

PS 66/18 Fiberutbygging i Fyresdal

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune prioriterer områda Rindebakken-Einangmoen, Einangmoen-Tøddebakkane og Kilegrend i første delen av fiberutbygging med hjelp av NKOM-midlar.
Rådmannen hentar så snart som råd inn anbod på alle utbyggingsområda i kommunen. Ved innhenting av anbod tek ein atterhald om finansiering og prioriteringar kommunen gjer undervegs for sine områdeprioriteringar.
Finansiering innarbeidast i økonomiplanen for 2019-2022, men formannskapet får om nødvendig fullmakt til å finansiere opp dei tre prioriterte utbyggingsområda om det kan løyse ut ytterlegare NKOM-midlar for 2018.
Formannskapet får og fullmakt til seinare å gjere prioriteringar for attverande utbyggingsområde.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Framlegg frå Kjell Sverre Thoresen:

Som innstillinga frå rådmannen men at ein prioriterer strekninga Snarteland – Aamlid etter at første delen av utbygginga er gjennomført.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Kjell Sverre Thoresen.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Fyresdal kommune prioriterer områda Rindebakken-Einangmoen, Einangmoen-Tøddebakkane og Kilegrend i første delen av fiberutbygging med hjelp av NKOM-midlar.

Strekninga Snarteland – Aamlid vert prioritert etter dette.

Rådmannen hentar så snart som råd inn anbod på alle utbyggingsområda i kommunen. Ved innhenting av anbod tek ein atterhald om finansiering og prioriteringar kommunen gjer undervegs for sine områdeprioriteringar.

Finansiering innarbeidast i økonomiplanen for 2019-2022, men formannskapet får om nødvendig fullmakt til å finansiere opp dei tre prioriterte utbyggingsområda om det kan løyse ut ytterlegare NKOM-midlar for 2018.

Formannskapet får og fullmakt til seinare å gjere prioriteringar for attverande utbyggingsområde.

PS 67/18 Tilsetting av assisterande rådmann

Innstilling frå rådmannen:

Une Marit Aarbakk Tangen vert tilsett som assisterande rådmann i Fyresdal kommune i samsvar med vedlagte arbeidsavtale.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå intervjuutvalet.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Une Marit Aarbakk Tangen vert tilsett som assisterande rådmann i Fyresdal kommune i samsvar med vedlagte arbeidsavtale.

PS 68/18 Vidareutvikling av Hamren Aktivitetspark - "Hamaren til nye høgder!"

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal Kommune vil jobbe vidare med prosjektet "Hamaren til nye høgder!" i tråd med skisse til forprosjekt utarbeida av Faun Naturforvaltning. Prosjektet gis ei øvre ramme på 450.000,-, der arbeidstid fakturerast time for time. Om tilskot frå KUD ikkje vert innvilga, skal styringsgruppa for prosjektet vurdere alternativ utforming og finansieringsplan før prosjektet går vidare.

Handsaming i Kommunestyret - 13.09.2018

Tilleggsframlegg frå rådmannen:

Finansiering av prosjektet med inntil kr 300.000,- frå næringsfondet og kr 150.000,- frå folkehelsemidlane.

Representant frå Senterpartiet i styringsgruppa vert Svein Slyngstad.

Samrøystes for innstillinga frå rådmannen med tilleggsframlegget.

Vedtak i Kommunestyret - 13.09.2018

Fyresdal Kommune vil jobbe vidare med prosjektet "Hamaren til nye høgder!" i tråd med skisse til forprosjekt utarbeida av Faun Naturforvaltning. Prosjektet gis ei øvre ramme på 450.000,-, der arbeidstid fakturerast time for time. Om tilskot frå KUD ikkje vert innvilga, skal styringsgruppa for prosjektet vurdere alternativ utforming og finansieringsplan før prosjektet går vidare. Finansiering av prosjektet med inntil kr 300.000,- frå næringsfondet og kr 150.000,- frå folkehelsemidlane.